



## AVTALE OM EIGE AV HYTTE/BU: \_\_\_\_\_

Det er i dag inngått følgjande avtale mellom \_\_\_\_\_ beitelag og

\_\_\_\_\_:

### 1. Eigartilhøve

Beitelaget og \_\_\_\_\_ eig hytta/bua i lag med kvar sin like store del. Utgiftene i samband med oppsettinga/kjøpet av hytta/bua skal delast etter kor stor del kvar eig.

### 2. Bruksrett, bortleige

Beitelaget skal ha førsteretten til bruk av hytta/bua i samband med tilsyn og sanking i perioden 15. juni - 1. oktober. Partane skal heile året varsle kvarandre om når hytta/bua skal nyttast. Eigarane skal oppnemne kvar sine kontaktpersonar. Dersom hytta/bua skal leigast bort til andre, må dette godkjennast av eigarane.

### 3. Opphøyr av avtale

Dersom ein av medeigarane ønskjer å trekkje seg ut, skal denne medeigaren sin del av hytta/bua først attende til den (dei) attverande eigaren (-ane). Overdragingssummen skal fastsettast ved takst / reknast ut med grunnlag i den innskotne summen ved kjøpet/bygginga med ei avskrivningstid på \_\_\_\_\_ år rekna frå kjøps- /byggeåret.

### 4. Vedlikehald. Forsikring

Kostnader med vedlikehald og forsikring skal fordelast etter kor mykje kvar eig. Hytta/bua skal fullverdiforsikrast. Beitelaget er ansvarleg for at dette er i orden til ei kvar tid. Kostnadane med dette skal fordelast likt mellom eigarane. Kopi av kvittering skal sendast til medeigaren (-ane).

### 5. Tvistar

Tvistar om denne avtalen skal avgjerast ved mekling.

### 6. Tinglysing

Avtalen skal tinglysast, og kostnadane skal dekkjast av partane i lag.

7. Dato og signaturar : \_\_\_\_\_, den \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
(grunneigar)

\_\_\_\_\_  
(for laget)

Vitne:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

## KOMMENTARAR TIL AVTALE MELLOM EIGARANE AV EI BU/ HYTTE

### 1. Eigarforhold

Det må gå klart fram av avtala kven som er eigar og kor stor del kvar eig. Om ein ikkje ønskjer å ha heile hytta/bua i fellesskap, må det fastsettast kva for areal kvar skal eige.

### 2. Bruksrett. Bortleige

Det vil her vera praktisk å få med kven som har fortrinnsrett til hytta/bua i kva for periodar av året og om dette skal gjelde heile eller delar av hytta/bua. Det vil t.d. vera naturleg at beitelaget er sikra tilgang til hytta/bua i beiteperioden i samband med tilsyn og sanking. Her kan det vera aktuelt binde dette opp til ei nærare fastsett periode. For å sikre at eigarane har moglegheiter for å kunne nytte hytta/bua om ikkje den andre nyttar seg av sin rett, bør dette varslast til ein kontaktperson som kvar av eigarane skal oppnemne. Om utlån/utleige skal kunna skje, må eigarane godkjenne vilkåra for dette på førehand.

### 3. Opphøyr av avtale

Dersom ein av medeigarane ønskjer å trekkje seg ut, f.eks. ved nedlegging av drifta i beitelaget, skal denne medeigaren sin del av hytta/bua førast attende til den/dei attverande eigaren/-ane.

Det kan vera aktuelt å sette ei grense for når dette tidlegast kan skje.

Overdragingssummen skal *fastsettast ved takst eller reknast ut med grunnlag i den innskotne summen ved kjøpet/bygginga, med ei avskrivningstid på 20 år (eller meir) rekna frå kjøps-/byggeåret.* Om det til dømes er beitelaget som trekkjer seg ut og eit nytt beitelag eller andre beitebrukarar kjem inn, bør dei ha førerrett. Dette må i såfall gå fram av avtalen.

### 4. Vedlikehald. Forsikring

Kostnadane med vedlikehald og forsikring må fordelast, gjerne etter kor stor del kvar eig.

Hytta/bua må sjølvstakt fullverdiforsikrast. Det må gå klart fram av avtala kven som har ansvaret for dette blir følgd opp til kvar tid og kven som skal dekke kostnadane.

### 5. Tvistar

Det må gå klart fram korleis tvistar skal løysast. Mekling er å føretrekkje. Voldgift kan og vera aktuelt, men fell gjerne dyrare.

### 6. Tinglysing

Tinglysing blir ofte sett på som ei forsikring med tanke på at partane skal respektere innhaldet i avtalen. Når det gjeld ei så stor investering som ei hytte, bør avtalen tinglysast og kostnadane dekkast i fellesskap.